

## Referat frå årsmøte i Aardalens Venner

Stad: Kafé Vaagen  
Dato: 19. februar 2012  
Tid: kl. 18.00 – 19.15

Frammøtte: Doris og Jan Hammersvik, Kaare Aardal, Atle Nøstdal, Unni og Terje Hovden (6).

---

Jan Hammersvik ynskte velkomen til årsmøtet.

Saker handsama på årsmøtet:

**1. Godkjenning av innkallinga til årsmøtet**

Ingen merknader, samrøystes godkjent.

**2. Val av ordstyrar og skrivar**

Jan ordstyrar, Terje skrivar. Samrøystes.

**3. Godkjenning av årsmelding frå styret**

Terje las årsmeldinga. Samrøystes godkjent.

**4. Godkjenning av revidert rekneskap for 2010**

Terje las opp revisjonsmeldinga, og gjekk deretter gjennom resultatrekneskapen. Inntektene i 2011 var kr 17 722,41 større enn utgiftene. Totale inntekter kr 65 282,-, totale utgifter kr 47 559,59.

Behaldning pr. 31.12.2011 kr 45 559,39.

Rekneskapen vart samrøystes godkjent.

**5. Budsjett / kontingent / arbeidsprogram**

Det er ikkje sett opp budsjett for 2011. Men søknad om SMIL-midlar av 22.10.2011 vart gjennomgått som arbeidsprogram for 2012. Planlagde aktivitetar 2012 går fram av denne søknaden (våningshus, geitefjøs og utedo) kalkulert til totalt kr 213 000,- inkl. dugnad. Det er søkt om kr 120 000,- i SMIL-midlar. SMIL-midlar er heilt nødvendige for å starte arbeid på våningshuset.

Kontingent for 2012:

Kr 100,- for enkeltmedlemmar, kr 200,- for familiar og kr 500,- for firma.

Samrøystes.

**6. Innkome saker**

Ingen innkome saker.

**7. Val av styremedlemmar**

Unni la fram framlegg frå valnemnda. Alle som var på val tok attval, og styret blir då slik for 2011:

Jan Hammersvik	-	attval	(2 år)
Kaare Aardal	-	ikkje på val	(1 år)
Terje Hovden	-	ikkje på val	(1 år)
Per Arne Berge	-	ikkje på val	(1 år)
Atle Nøstdal	-	attval	(2 år)

Varamedlemmar:

Dag Hamre	-	ikkje på val	(1 år)
Anne Grete Kleppe	-	attval	(2 år)
Magnar Drageseth	-	attval	(2 år)

**8. Val av revisorar**

Inge Bakke	-	attval	(1 år)
Håkon Berstad	-	attval	(1 år)

**9. Val av valnemnd**

Doris Hammersvik	-	ikkje på val	(1 år)
Unni Eltvik Hovden	-	attval	(2 år)
Sylvi Olsson	-	attval	(2 år)

**10. Eventuelt**

Ikkje noko teke opp på eventuelt.

Møtet slutt kl. 19.15.

Terje Hovden  
referent